



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kulturhuset
Dato: 18.05.2026
Tid: kl 21:00 - 21:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Olav Harald Ulstein	Ordfører	FRP
Jarle Strømmegjerde	Varaordfører	H
Arve Ekornes	Medlem	FRP
Birgitte S. Bonesmo	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Anita Bente Kjersheim	Medlem	SP
Ole Kjell Eidem	Medlem	SP

Andre som møtte:

Torbjørn Emblem	kommunedirektør
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-41/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-42/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-43/26	Til høyring - mindre justering av lokal forskrift om politivedtekt
PS-44/26	Delegering av mynde til kommunedirektør - mellombels mynde til dispensasjon frå forskrift om opnings- og skjenketider under fotball-vm

41/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

18.05.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

FSK - 41/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

42/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

18.05.2026 Formannskapet

Behandling

Protokollen blir å behandle på neste møte.

FSK - 42/26 Vedtak:

43/26 Til høyring - mindre justering av lokal forskrift om politivedtekt

18.05.2026 Formannskapet

Behandling

Saka vart presentert i møtet.

Samrøystes vedtak: Som kommunedirektøren sitt framlegg.

FSK - 43/26 Vedtak:

Forslag om slikt tillegg i § 2-1 Orden på offentleg stad, i kommunen si forskrift om politivedtekt av 28.03.2019, vert lagt ut på høyring, før endeleg handsaming i kommunestyret sitt juni-møte:

" Politiet kan etter søknad innvilge dispensasjon frå kravet til nattero for ei bestemt anledning i ei avgrensa periode. Det kan settast vilkår for eit slikt løyve. Søknad skal sendast til politiet innan ein frist fastsett av politiet. I søknaden skal det dokumenterast korleis berørte naboar er kontakta, og at desse har fått høve til å uttale seg innan ein gitt frist."

44/26 Delegering av mynde til kommunedirektør - mellombels mynde til dispensasjon frå forskrift om opnings- og skjenketider under fotball-vm

18.05.2026 Formannskapet

Behandling

Saka vart presentert i møtet.

Samrøystes vedtak: Som kommunedirektøren sitt framlegg.

FSK - 44/26 Vedtak:

Formannskapet delegerer til kommunedirektøren å handsame ev. søknader om dispensasjon frå forskrift om opnings- og skjenketider i samband med fotball-VM 2026.

Føresetnadane skal vere som skissert i denne saka, og ev. andre føresetnader som måtte kome til under Stortinget si endelege behandling av lovendringa.

Ev. andre spørsmål som ikkje kan vurderast å vere avklart i denne saka, må leggest fram for formannskapet for avgjerd.